

# Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

**Tid:** Torsdag 6. des. 2018

**Stad:** Klubbhuset

Desse møte: Einar Hoel, Trond Håvoll, Anders Rem, Jan Ole Fuglem, Torgeir Sunde, Torkjell Døving, Andreas Håvoll, Richard Moen, Liv Marit Indreeide, Odd Lennart Vikene, Børge Heggen Johansen

Forfall: Silje Sandøy Grønning

## **46/18 Olsok – Valldalsleia**

**Terese Jemtegård Moen vert med og informere om arbeidet med utvikling av Valldalsleia og knytte dette opp mot olsokarrangement (utsett frå førre møte)**

Tilbakemelding til programkomiteen: Konsert med innleige av dyr artist, for eksempel Odd Nordstoga, til fredag, kirka, leite etter god programleiar/stand-up, ML-huset sein ettermiddag, trekke inn folk, barneprogram viktig, trekke familiar, heve prisane på mat, vipps «støtt oss»,

## **47/18 Informasjon frå grupper og styret**

Aktiviteten går som normalt i gruppene.

Einar har vore på møte vedr omorganisering av idrettkretsen.

## **48/18 Port til garasje/lager på klubbhuset**

**Torkjell har innhenta to alternative tilbod:**

- 1. Leddheisport med motor og gangdør panelt med stål plate  
ferdig montert, kr 42.000 + mva**
  - 2. Stålport med motor, 2,74 m brei, dør bygt på sida av porten  
material til bygging, kr 23.400 + mva Monter kjem i tillegg**
- Tilbod er vedlagt**

Går for alternativ 2!

#### **49/18 Avtale med Norddal Rekneskapskontor AS**

***Vi har fått tilsendt utkast til avtale om rekneskapsføring med Norddal Rekneskapskontor AS. Dette er ei formalisering av det arbeidet som rekneskapskontoret allereie gjer. Det har nok også med nye krav til rekneskapsførar å gjere og deira forhold til kundar.***

***Styret vert informert om innhald i avtale før ein tek stilling til å inngå avtale.***

Vedtak: Inngår avtale med Norddal rekneskapskontor.

Minner om innlevering av billag.

Tøme konto som Martin Linge-huset disponerer før nyttår. Liv Marit sender anmodning om overføring til kasserar.

#### **50/18 100 år**

***Torkjell presenterar forslag til jubileumslogo og styret tek stilling til dette og korleis logo skal brukast i 2019***

***Styret diskutera også ev andre tiltak i første del av 2019 for markering av 100 års jubileet, jfr innspel frå jubileumskomite.***

Styret vart einige om jubileumslogo. Torkjell justerer. Viktig at denne går til lokalavisa, slik at denne blir brukt frå nyttår av. Bruke logoen i alle samanhengar. Forslag om innkjøp av refleksvestar med logo. Einar sjekkar opp.

Blir jobba med logo til NM motbakkelop - Mefjellet opp 2018

Arbeidsgruppe bildemontasje i samband med 100-års jubileet har starta arbeidet.

Oppfordrar til å ta mest mogleg bilder av aktiviteten no i jubileumsåret – bruke i samband med ein presentasjon til jubileumsfesten.

Reglar for bildetaking – sjå retningslinjene frå idrettsforbundet. Bruk fornuft, spør føresette dersom nærbilder av ungar, situasjonsbilder er ok.

Jubileumsåret startar allereie med nyttårsmarsjen til trimgruppa. Gjere litt ekstra ut av det. Gjeld alle arrangement i 2019.

Forslag om raketttoppskyting i samband med årsskiftet, evt. i samband med nyttårsmarsjen, markere starten på jubileumsåret 2019. Anders sjekkar opp litt. Brannsjefen bør varslast. Offentliggjerast.

Evt.

### **Leigesats – sal + kjøkken**

Har pr i dag pris på bruk av møterom + kjøkken, kr 500

Bør ha ein sats på leige av huset (salen + kjøkken) til eksterne aktører til møte o.l. **kr 700 (for 3 timar)**.  
**Gjeld fram til neste vedtak.**

### **EMIT tidtakarbrikker**

Dei vi har i dag ikkje egna for bruk lengre grunna alder. Noko bør gjerast. Alternativa er å kjøpe nye til ca kr 700, bytte inn få 40% på nye brikker.

Vedtak: Går for å kjøpe inn. Kr43.500, søke spelemidlar gjennom skiskyttarforbundet.

### **Antidopingpolicy**

Går for antidopingpolicy slik den føreligg. Omsetjast til nynorsk. Oppslag på anlegg, heimeside og liknande.

Neste møte 17.januar 2019

### **51/18 Møteplan 1. halvår 2019**

**Styremøter på torsdagar (kollisjon med skikafe?). Forslag til datoar:**

**Torsdag 17. januar**

**Torsdag 28. februar**

**Årsmøter grupper 11.- 15. mars**

**Torsdag 21. mars (styremøte)**

**Årsmøte Valldal IL onsdag 27. mars**

**Jubileumsmarknad Valldal IL laurdag 30. mars**

**Torsdag 25. april**

**Torsdag 6. juni**

Møtet slutt kl. 22.35

Liv Marit Indreeide, referent